

Innkalling  
av  
Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)

**Møtedato:** 09.12.2019  
**Møtestad:** Osterøy rådhus  
**Møtetid:** kl. 21:00 – kl. 22:00

Eventuelle forfall må meldast leiar per tlf. , sms til 91355886  
eller per epost til

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
013/19	Val av medlemmar og varamedlemmar til ungdomsrådet 2019 - 2021
014/19	Val av kommunen sin representant til styret for Stiftinga Osterøy museum
015/19	Val av representant til Stiftinga Kystsogevøkene
016/19	Val av representant til styret for Bjørn West museet 2019 - 2023
017/19	Val av Skattetakstnemd og klagenemnd for eigedomsskatt

4. desember 2019

Johannes Myklebust Bysheim  
møteleiar

sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/19	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	09.12.2019
097/19	Heradsstyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Grete Birkelid	17/2871

## Val av medlemmar og varamedlemmar til ungdomsrådet 2019 - 2021

### Vedlegg:

Re: 19/20845 Val av ungdomsråd for perioden 2019 - 2021 - rett til innspel

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Rådmannen gjer ikkje framlegg.**

### Saksopplysningar:

**Saksopplysningar:**

### Bakgrunn

I kvar kommune skal det vere eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom som skal veljast av kommunestyret for valperioden, jfr. kommunelova § 5-12.

Ungdomsrådet eller annet medverknadsorgan for ungdom skal ha en valperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medverknadsorgan for ungdom skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

Ungdomsrådet eller annet medverknadsorgan for ungdom er rådgivande organ for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder ungdom.

Departementet gir forskrift om oppgåver, organisering og saksbehandling for rådene eller annet medverknadsorgan for ungdom.

*Forskrift om medvirkningsordninger § 2:*

*Kommunestyret og fylkestinget skal etablere rutiner som sikrer at rådene mottar sakene på et så tidlig tidspunkt i saksbehandlingen, at uttalelsene fra rådene har mulighet til å påvirke utfallet av saken. Rådene kan også ta opp saker på eget initiativ. Uttalelsene skal følge saksdokumentene til det kommunale eller fylkeskommunale organet som avgjør saken endelig.*

*Rådene skal ikke behandle saker som gjelder avgjørelser overfor enkeltpersoner. Kommunestyret og fylkestinget kan gi rådene myndighet til å fordele bevilgninger.*

*Rådene skal hvert år utarbeide hver sin årsmelding som skal legges frem for kommunestyret eller fylkestinget.*

*Kommunestyret og fylkestinget kan gi medlemmer av rådene møte- og talerett i folkevalgte organer.*

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, jfr. forskrift om medvirkningsordninger § 3. For valet gjeld elles kommunelova sine reglar om minst 40% representasjon frå begge kjønn.

I perioden 2017-2019 har ungdomsrådet i Osterøy kommune hatt slik samansetjing:

Danielsen ungdomsskule: 3 medlemmer pluss varamedlemmer  
Osterøy ungdomsskule: 5 medlemmer pluss varamedlemmer  
Osterøy vidaregåande skule: 3 medlemmer pluss varamedlemmer

I perioden 2019 – 2021 er det lagt fram forslag til nye vedtekter med forslag om slik samansetjing:

Danielsen ungdomsskule: 3 medlemmer pluss varamedlemmer  
Osterøy ungdomsskule: 4 medlemmer pluss varamedlemmer  
Osterøy vidaregåande skule: 4 medlemmer pluss varamedlemmer  
Ungdomslag og -organisasjonar: 2 medlemmer pluss varamedlemmer

Det er ei utfordring å få nok representantar til å stille i ungdomsrådet. Spesielt utfordrande blant vidaregåande elevar. Dei som vart vald inn i 2018 set i ungdomsrådet i to år. Grunna utfordringar med å få nok medlemmar til å stille, har ein vald å gjennomføra suppleringsval hausten 2019.

Skulane har gjennomført val av medlemmar og ungdomslag og -organisasjonar har fått mogelegheit til å spele inn kandidatar til ungdomsrådet. Osterøy vidaregåande skule har utfordringar med å få nok representantar til å stille til val. Det er difor mangel på representantar frå aldersgruppa 16 – 19 år. Det er kome inn eitt innspel frå ein ungdomsorganisasjon.

Etter vala som er gjort på skulane ser lista slik ut:

Skule	Hovudrepr.	Vald	Trinn	Vara	Vald	Trinn
<b>DUO</b>						
	<b>Julianne Molvik Thormodsen</b>	<b>2019</b>	<b>8.</b>	<b>Markus Pedersen Johansen</b>	<b>2019</b>	<b>8.</b>
	<b>Daniel Eman</b>	<b>2018</b>	<b>9.</b>	<b>Hedda Marie Lone Bernes</b>	<b>2018</b>	<b>9.</b>
	<b>Aslak Monstad</b>	<b>2019</b>	<b>10.</b>	<b>Martin Njåstad</b>	<b>2019</b>	<b>10.</b>
<b>OUS</b>						
	<b>Tristan Ahmer</b>	<b>2019</b>	<b>8.</b>	<b>Emilie Hagenes</b>	<b>2019</b>	<b>8.</b>
	<b>Jonas S. Bruvik</b>	<b>2018</b>	<b>9.</b>	<b>Dorthe Bakken</b>	<b>2018</b>	<b>9.</b>
	<b>Yazan Halal Hamod</b>	<b>2018</b>	<b>9.</b>	<b>Emma Skaar</b>	<b>2019</b>	<b>9.</b>
	<b>Maria Strand Blichfeldt</b>	<b>2018</b>	<b>10.</b>	<b>Stina Lillejord</b>	<b>2019</b>	<b>10.</b>
<b>OVGS</b>						
	<b>Harald Tysse</b>	<b>2019</b>	<b>1EL</b>			
	<b>Lars Normann</b>	<b>2019</b>	<b>1EL</b>			
<b>LAG</b>						
	<b>Kristian Njaastad</b>	<b>2019</b>	<b>4H</b>			

Det er ikkje oppnådd kjønnsbalanse på 40% blant hovudrepresentantane, men i sum av heile rådet med vara. Dette bør justerast ved suppleringsval haust 2020 dersom det er mogeleg.

### Vurdering

Det er behov for å setje av ressursar for tilrettelegging for at ungdomsrådet skal fungere. Det har

kvalt år vore utfordrande å få nok ungdom til å stille som kandidatar til val inn i ungdomsrådet. I ny kommunelov er no ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom lovpålagd. Ungdomsrådet har behov for meir rettleiing og tilrettelegging enn eksempelvis eldreråd som driv seg sjølv i større grad. Det er også behov for at ungdomsrådet har ein sekretær/koordinator som følg opp saker der ungdomsrådet bør gje uttale og sikrar at innhaldet i sakene vert lagt fram på ein måte som gjer ungdommen mogelegheit til å kome med innspel.

### **Økonomi**

Då ungdomsråd eller andre medverknadsorgan for ungdom er lovpålagd frå hausten 2019, skal dei få møtegodtgjersle på lik linje med eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valnemnda for innstilling til heradsstyret. Medlemmane i ungdomsrådet får møtegodtgjersle på lik linje med andre råd og utval i kommunen.

---

**Fra:** Vennskapsporten 4H <vennskapsporten4h@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 18. november 2019 14:23  
**Til:** Grete Birkelid  
**Emne:** Re: 19/20845 Val av ungdomsråd for perioden 2019 - 2021 - rett til innspel

**Oppfølgingsflagg:** FollowUp  
**Forfaller:** mandag 18. november 2019 15:39  
**Status for flagg:** Fullført

Hei !

Vennskapsporten 4H foresler Kristian Njaastad, f. 29.05.02 som medlem i Ungdomsrådet for perioden 2019-2021.

Han har adresse: Njåstadvegen 276, 5282 Lonevåg  
E-post: [dog12312345678@gmail.com](mailto:dog12312345678@gmail.com)

--

Helsing  
Vennskapsporten 4H  
Rune Solberg  
Klubbrådsgjevar

ons. 6. nov. 2019 kl. 12:49 skrev Grete Birkelid <[Grete.Birkelid@osteroy.kommune.no](mailto:Grete.Birkelid@osteroy.kommune.no)>:

| Sjå vedlegg

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/19	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	09.12.2019
098/19	Heradsstyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	19/2744

## Val av kommunen sin representant til styret for Stiftinga Osterøy museum

### Vedlegg:

vedtekterstyretosterøymuseum

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Frå kommunen vert ..... vald som representant i styret med ..... Som vara.»

### Saksopplysningar:

### Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Vedtektene for Stiftinga Osterøy museum fastset i § 3: Stiftinga Osterøy museum skal ha eit styre med 5 medlemmer med personlege varamedlemmer som skal oppnemnst slik:

- Ein representant frå Osterøy kommune
- Ein representant frå dei som arbeider ved museet i minst 50% stilling
- Tre representantar valde av årsmøtet i museumslaget

Representantane for fylkeskommunen og kommunen vert valde for 4 år og funksjonstida følgjer valperioden for fylkesting/kommunestyre. Dei andre vert valde for 2 år om gongen. Etter eitt år går ein av styremedlemmene ut ved lutkasting. Styremedlemmer kan attveljast 3 gonger.

Styret konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar for eitt år om gongen. Fylkeskonservator og ein representant for Arna sogelag har møte- og talerett på styremøta. Vedtektene ligg ved.

For perioden 2015 – 2019 har desse vore valde frå Osterøy kommune:  
Medlem: Sissel Margrethe Romslo Varamedlem: Kari Laurhammer Mjøs

Heradsstyret må etter dette velja ein representatn med personleg vararepresentant til styret for stiftinga.

### Vurdering

Rådmannen har ikkje merknader til saka.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram til handsaming og innstilling til val i heradsstyret.

STIFTELSEREGISTERET	
SAKS NR. 14/01195	DOK NR. 4
14 JUL 2014	
ORG NR. 981 344 146	VEG

vedlegg 1

003  
9/10/09

-1-

## VEDTEKTER FOR STIFTINGA OSTERØY MUSEUM

Osterøy museum "Forntun" Gjerstad. Skipa 18.01.1920 som Gjerstad Forminnelag. Vedtekter vedteke desember 1922. Endra august 1983, mars 1988, 28. april 2004 og 16. desember 2008..

1. Stiftinga Osterøy museum med hovudsete på Gjerstad er vedteke oppretta på årsmøtet for Osterøy museum, 21.3.99 og trer i kraft 3.6.99. Grunnkapitalen er kr 1.000.000  
"For å sikra museet ei tidsmessig drift, har Osterøy museum overlete drift og personalansvar til Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (Mill) frå 01.01.07."

### 2. Føremål

Museet har til føremål å samla inn, dokumentera og ta vare på kulturhistorisk kjeldemateriale frå Osterøy og bygdene kring, eller det området som vert museet sitt arbeidsområde etter nærare avtale med Hordaland fylkeskommune. Museet skal ha ein rimeleg museumsteknisk standard, med katalog og dokumentasjon av samlingane. Museet si eiga skal stillast til disposisjon for gransking og formidling på alle nivå.

Museet skal driva gransking og formidla kunnskapen til ålmenta. Alle skal ha tilgjenge til museet, og opningstider skal kunngjerast. Museet skal arbeida aktivt for å leggja tilhøva tilrette for barn og ungdom.

Museet skal tilby arkivteneste i Midhordaland-regionen. Dette skal gjerast ved og driva aktiv utoverretta informasjon til lag, bedrifter, kommunar og andre som vil nytta tenesta vår.

### 3.

"Stiftinga Osterøy museum skal ha eit styre på 5 medlemmer med personlege varamedlemmer som skal oppnemnast slik:

- Ein representant frå Osterøy kommune
- Ein representant oppnemnt av dei som arbeidar ved Osterøy museum i minst 50% stilling
- Tre representantar valde av årsmøtet i museumslaget.

Kommunal representant sit i fire år og deira funksjonstid følger valbolken for kommuneval. Dei andre representantane vert valde for to år om gongen. Etter eitt år går ein av styremedlemene ut ved lutkasting. Styremedlemmer kan attveljast tre gonger. "

Styret konstituerar seg sjølv og vel leiar og nestleiar for eitt år om gongen.

Fylkeskonservator og ein representant for Arna sogelag har møte- og talerett på styremøta.

### 4. Styret sine arbeidsoppgåver.

Styret er stiftinga Osterøy museet sitt høgaste organ. Styret skal sjå til at stiftinga si verksemd er i samsvar med føremål og vedtekter, og at vedtak i styret vert iverksett. Styret skal sjå til at museet sin grunneiga vert forvalta slik at ho ikkje vert forringa.

Saman med styrar for Vestlandsmuseet skal styret gå gjennom årsmeldingar, budsjett og rekneskap og gje uttale. På dette møtet skal arbeidsplanar og vedlikehald drøftast.

### 5. Administrasjon

Stiftinga Vestlandsmuseet har det overordna ansvaret for drifta av museet.



Museumsstyrar er dagleg leiar av museet i samsvar med instruks og praksis. Ho/han er ansvarleg andsynes Vestlandsmuseet, men skal av eige skjønn arbeida i samsvar med museet sine fastsette føremål og økonomiske rammer.

Styrelleiar kallar inn til styremøte. Eit vanleg fleirtal av styremedlemer kan krevja innkalla styremøte. Varamedlemer kan innkallast, men har røysterett berre når vedkomande faste representant ikkje møter. Det skal førast møtebok for dei sakene styret handsamar. Vedtak vert fatta med simpelt fleirtal. Ved røystelikskap er leiaren si røyst avgjerande. Styret er vedtaksført når minst tre med røysterett er til stades. Styrelleiar og nestleiar si underskrift er bindande for stiftinga.

#### 7. Samlingane

Museet si eiga kan ikkje avhendast. Deponering (langtidslån) av gjenstandar som fører til store drifts- eller økonomiske endringar, kan ikkje gjerast utan samrøystes vedtak i styret. Deponering og utlån av gjenstandar i kurante saker og for ei avgrensa tid, kan avgjerast av dagleg leiar ved Vestlandsmuseet, som kan delegera det til avdelingsleiar ved Osterøy museum


#### 8. Vedtektsendringar


Eventuelle endringar av vedtektene kan vedtakast av 3/4 av styremedlemmene etter først å ha vore til uttale hjå dei som oppnemner representantar til styret. Vedtektsendringar kan ikkje tre i kraft før dei er godkjende av Hordaland fylkeskommune.


#### 9. Oppløysing


Ei eventuell oppløysing vert handsame på same måte som vedtektsendring. Osterøy kommune og Hordaland fylkeskommune avgjer då kva som skjer med eiga.

Osterøy 26.01.2009

  
Sissel M Romslo  
styrelleiar

  
Jon O Daltveit  
nestleiar

  
Anne-Mari Hannisdal Haga  
Styremedlem

  
Terje Solberg  
styremedlem

  
Jon Ketil Hatland  
styremedlem

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/19	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	09.12.2019
099/19	Heradsstyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	19/2741

## Val av representant til Stiftinga Kystsogevekene

### Vedlegg:

kystkultur

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Som Osterøy kommune sin representant til representantskapet i Stiftinga Kystsogevekene vert ..... vald for perioden 2019 – 2023.»

### Saksopplysningar:

### Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Stiftinga Kystsogevekene vart skipa i 1999. Medlemmene i representantskapet vert valde for 4 år. Medlem i representantskapet kan ikkje veljast til styret for stiftinga. Stiftinga oppmodar no om val av representant for ny valperiode.

I valperioden 2015 - 2019 har ordføraren vore medlem i representantskapet.

### Vurdering

Rådmannen har ikkje merknader til saka.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

### Konklusjon

Saka vert lagt fram for innstilling til val i heradsstyret.

# Vedtekter for Stiftinga Kystkultur no!

## § 1. Namn

Stiftinga Kystkultur no!

## § 2. Føremål

STIFTINGA KYSTKULTUR NO! er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og verke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen.

## § 3. Kapital

Stiftinga har grunnkapital på kr. 280 000,-

## § 4. Representantskap

Stiftinga skal ha eit representantskap, samansett ved at fylket og kvar medlemskommune oppnemner ein medlem kvar.

Representantskapet sine medlemmer vert oppnemnde for 4 år.

Representantskapet skal ha ein leiar og ein nestleiar som vert valde av og blant representantskapet sine medlemmer ved byrjinga av fireårsperioden.

Medlemmer av representantskapet kan ikkje veljast til styret.

Representantskapet sin leiar møter i styret med tale og forslagsrett, men ikkje røysterett.

## § 5. Representantskapet sine oppgåver

Representantskapet skal:

- velje stiftinga sitt styre og revisor
- gje uttale til stiftinga si årsmelding og årsrekneskap.
- fastsetje eventuelt honorar for styret.
- gje uttale til styret i saker som gjeld drift av stiftinga.
- føre tilsyn med at stiftinga vert driven i samsvar med lov, vedtekter og vedtak fatta av representantskapet.
- gjere vedtektsendringar etter forslag frå styret, jfr § 8.

## § 6. Representantskapet sine møter

Representantskapet held møte minst ein gong i året, og elles når leiaren eller minst 2/5 av medlemmene krev det. Leiaren kallar inn til møta med minst 21 dagars varsel. Innkallinga skal vere skriftleg, og sakene som skal handsamast skal nemnast i møteinnkallinga.

Leiaren leier møta. Dersom leiaren ikkje kan møta, leier nestleiareren møtet.

Dersom ingen av dei kan møta, vert møteleiar valt ved byrjinga av møtet.

Representantskapet er vedtaksført når meir enn 50 % (halvparten) av dei oppnemnde medlemmene er til stades. Ein oppnemnt medlem som ikkje kan møte, har høve til å gje fullmakt. Underskriven fullmakt skal leggjast fram på møtet for godkjenning av Representantskapet. For gyldig vedtak må fleirtalet av dei frammøtte ha stemt for framlegget. Ved eventuell stemmelikskap har møteleiaren dobbeltstemme.

Vert representantskapsmøtet ikkje vedtaksført pga manglande frammøte, skal leiaren kalla inn til nytt møte med minst 7 dagars varsel og med same dagsorden som for det første ordinære møtet.

Representantskapsmøtet innkalla i samsvar med dette avsnittet er vedtaksført når minst 2/5 av representantskapsmedlemmene er til stades.

Det er høve til å møte med fullmakt etter same retningslinjer som ovanfor.

Det skal førast protokoll over vedtaka. Protokollen skal underskrivast av møteleiar og ein medlem oppnemnd på møtet.

Stiftinga sitt styre og dagleg leiar kan møte på representantskapsmøtet med tale- og forslagsrett.

### **§ 7. Styret**

Styret er stiftinga sitt høgste organ. Stiftinga skal ha eit styre på 5 medlemmer, samt to varamedlemmer, valde av representantskapet for fire år. Valet skjer ved fleirtalsval. Ved stemmelikskap vert valet avgjort ved loddtrekning.

Styret skal leie drifta av stiftinga, tilsetje dagleg leiar og arbeide ut arbeidsinstruks for stillinga. Styret har ansvar for at drifta skjer i samsvar med lov, vedtekter og vedtak gjort av representantskapet.

Styret vel sjølv leiar.

Styret er vedtaksført når 3 av styret sine 5 medlemmer er til stades. Ved styreleiaren sitt fråvære vel styret ein setteleiar. Vedtak i styret krev vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap har styreleiaren dobbeltstemme.

Styret kan gjennom styrevedtak gje styreleiar tilgang til å forplikte stiftinga, og styret kan gje prokura.

### **§ 8. Vedtektsendring**

Representantskapet kan, med tilslutnad frå minst 2/3 av dei oppnemnde medlemmene, vedta å endre desse vedtektene etter forslag frå styret.

### **§ 9. Oppløysing**

Representantskapet kan, med tilslutnad frå 2/3 av dei oppnemnde medlemmene, vedta å oppløyse stiftinga etter forslag frå styret. Vedtak om oppløysing må skje etter reglane i LOV 2001-06-15 nr. 59: Lov om stiftelser § 52.

### **§ 10. Anna**

Ut over desse vedtektene gjeld Lov om stiftelser.

Sist revidert 25. april 2019

Børge Haugetun  
Styreleiar

Beate Husa

Nina Bognøy

Hallvard Oppedal

Jorunn Skåden

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/19	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	09.12.2019
100/19	Heradsstyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerpung	19/2745

## Val av representant til styret for Bjørn West museet 2019 - 2023

### Vedlegg:

bjørnwestvedtekter

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Som Osterøy kommune sin representant i styret for Bjørn West museet 2019 – 2023 vert ..... vald med ..... som vara.»

### Saksopplysningar:

### Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Stiftinga Bjørn West museet vart skipa 23.03.1993 av kommunane Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Føremålet er etter vedtektene § 2 å ta vare på og gjera tilgjengeleg saga om Bjørn West og den lokale motstandsørsla. I vedtektene sin § 5 står det m.a. at stiftinga skal leiast av eit styre på 7 medlemmer med personlege varamedlemmer pluss to observatørar med møte- og talerett, men som ikkje har stemmerett. Styret skal ha ein representant frå kvar av dei deltakande kommunane. Funksjonstida for dei valde representantane er 4 år.

For perioden 2015 – 2019 har desse vore valde:

Medlem: Andrea Hartveit, AP

Varamedlem: Einar Skjerpung, FRP

Heradsstyret må etter dette velja eit medlem med personleg varamedlem til styret.

### Vurdering

Rådmannen har ikkje merknader til saka.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

**Konklusjon**

Saka vert lagt fram til handsaming og innstilling til val i heradsstyret.

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAKS NR. 09/04344	DOK NR. 68
- 1 JAN 2009	
ORG NR. 977155320	B66

## VEDTEKTER FOR STIFTINGA BJØRN WEST-MUSEET

### § 1

Bjørn West-museet omfattar eit to-etasjers trehus på Matre frå 1912 og fire garasjar med grunn, gnr . 59, brnr. 44.

I samlinga inngår ein livbåt frå Vigra, restar av Halsøygavlen og ein god del militære gjenstandar, kart, dokument, lydband, foto og videoopptak. I tillegg kjem ei fangecelle frå Gestapohuset i Veiten i Bergen.

Alle våpen og militære gjenstandar er etter lov Staten sin eigedom og vert forvalta av Forsvarsmuseet.

### § 2

Bjørn West-museet er ei stifting med føremål å ta vare på og gjere tilgjengeleg saga om Bjørn West. Museet skal også femna om minna frå den lokale motstandsørsla i Bergen, Nordhordland og Ytre Sogn, både den militære og den sivile.

Vidare må museet arbeide for å ta vare på og formidle minne som kastar lys over folks levokår under krigen.

### § 3

Bjørn West-museet er ei særskilt rettsskiping med eige budsjett og rekneskap og med ein grunnkapital på kr. 400.000,-.

Rekneskap og årsmelding skal sendast til deltakande kommunar og til Fylkesmannen for godkjenning innan 1. mars kvart år.

Rekneskapen skal vere revidert av ein statsautorisert eller registrert revisor.

### § 4

Stiftinga er oppretta av fylgjande kommunar i Nordhordland og Ytre Sogn som for 1992 har løyvt midlar slik:

Gulen	kr.	5.000,-
Lindås	"	10.000,-
Masfjorden	"	20.000,-
Modalen	"	10.000,-
Osterøy	"	10.000,-

I tillegg har Masfjorden kommune vederlagsfritt overdrege huset og fire garasjar med tomt til stiftinga.

### § 5

Stiftinga vert leia av eit styre på 7 medlemmer med personlege varamedlemmer plusst observatører med møte- og talerett, men som ikkje har stemmerett.

Styret skal ha fylgjande samansetning:

- Ein representant vald av kvar av dei deltakande kommunane (5)
- Ein representant vald av Bjørn West-museets venner (1)
- Ein representant vald av Masfjorden Sogelag (1).

- Ein observatør kan sendast av Hordaland Fylkeskommune
- Ein observatør kan sendast frå Forsvarsmuseet eller Distriktskommando Vestlandet.

Funksjonstida for dei valde representantane er 4 år.

Styret vel formann for to år om gongen mellom styrerepresentantane frå Masfjorden.

I første periode går tre ut etter to år, ved loddtrekning mellom styremedlemene unntatt formannen.

Formannen kallar inn styret med minst åtte dagars varsel. Styret vel skrivar og kasserar som ikkje treng å vera medlem av styret.

Styret er vedtaksført når minst fire av medlemene er til stades. Ved likt stemmetal er formannen si stemme avgjerande.

Det skal først protokoll for kvart møte. Referat og protokolltilførsjar skal vera godkjent av alle.

#### § 6

Styret er ansvarleg for drifta av stiftinga og forvaltning av eigedom, og vil ha fagleg samarbeid med Fylkeskommunen, Forsvarsmuseet og eventuelt andre museum innan fagfeltet.

Bindande underskrift vert gjeven av styreformann og minst eitt styremedlem. Styret skal arbeide for å skaffe stiftinga økonomisk plattform for forsvarleg drift. Styret skal utarbeide budsjett for stiftinga innan 1. oktober og sender dette til dei deltakande kommunane.

Museet skal vera ope for alle. Opningstider og inngangspengar vert bestemt av styret.

Styret skal serleg arbeide for å leggja tilhøva til rette for skuleelevar.

Styret engasjerer det nødvendige personell for drift av stiftinga og gje reglar for deira ansvar og arbeidsområde.

#### § 7

Museet sine eignelutar kan ikkje avhendast eller gjevast bort. Med godkjenning frå Forsvarsmuseet kan styret gje løyve til utlån for kortare eller lengre tid.

#### § 8

Styret kan med 2/3 fleirtal vedta å endre vedtektene. Endringsframlegget skal liggje ved innkallinga. Etter stiftelseslova skal fylkesmannen godkjenne endring av vedtektene for stiftinga.

#### § 9

Dersom ikkje styret greier å drive museet, skal huset overførast til vertskommunen, Masfjorden.

Fylkesmannen må godkjenne ei eventuell oppløysing av stiftinga.



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
017/19	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	09.12.2019
101/19	Heradsstyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	19/2735

## Val av Skattetakstnemnd og klagenemnd for eigedomsskatt

### Vedlegg:

VedtekterSkattetakstnemnd-NYNORSK.doc (L)(465962) (L)(375693)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert vald følgjande medlemmer med personlege varamedlemmer til skattetakstnemnda

.....

Leiar:

Nestleiar:

Det vert vald følgjande medlemmer med personlege varamedlemmer til klagenemnda for eigedomsskatt: .....

Leiar: .....

Nestleiar: ..... .»

### Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Heradsstyret valde i desember 2013 skattetakstnemnd og klagenemnd for eigedomsskatt og godkjende samtidig nye vedtekter for skattetakstnemnd, klagenemnd og taksering. Heradsstyret valde då å nytta standardvedtektene utarbeidde av KS.

Etter lovendinga skal forvaltningslova gjelda for eigedomsskattesaker Dette gjeld m.a. reglane om habilitet, generelle sakshandsamingsreglar i fvl. (kap. 3, rettleiing, utgreiing, rett til å bruka advokat m.v.), varsling og innsynsrett m.v.

Andre endringar/presiseringar i regelverket

- Teieplikt følgjer av reglane i likningslova
- Rett til å få dekkja sakskostnader følgjer og etter likningslova
- For vedtak om takst og overtakst er det ei endring ved at kravet til grunngjeving etter fvl. § 25 er erstatta av eit krav om «kort grunngjeving».
- Medlem/varamedlem i formannskapet kan ikkje vera medlem i eigedomsskattenemnder.
- Klage skal avgjerast av ei nemnd vald av heradsstyret, dersom eigedomsskattekontoret ikkje

imøtekjem klagen. Klagehandsaminga kan leggjast til ei eiga nemnd eller leggjast til ei anna kommunal nemnd.

- Klagefristen er seks veker frå utsending av skattesetelen.

- Klage over taksten kan fremjast kvart år (dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare).

- Endra reglar for retting. Retting til ugunst for skatteytar må som hovudregel skje innan 01. mars året etter utskriving av eigedomsskatt.

- Reglane i likningslova gjeld for omgjerung av skattetakstar for kraftanlegg

- For søksmål og tvistar for tingretten, gjeld eigedomsskattelova § 23, likningslova § 11-1, nr. 4 og 5 og skattebetalingslova § 17-1. 4. og 5. ledd tilsvarande.

- Plikt for eigar av fast eigedom til å gje opplysningar og medverka ved taksering i samband med utskriving, herunder tillata nødvendig fotografering

- Opprydding i lovføresegner om fastsetjing av skattetakstane

- Reglane i byskattelova §§ 4 og 5 er tekne inn i eigedomsskattelova utan at dette inneber ei realitetsendring i gjeldande rett

Skattetakstnemnda skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Heradsstyret skal velja leiar og nestleiar mellom medlemmene. Klagenemnda skal ha minst tre medlemmer og like mange varamedlemmer.

Valperioden følger kommunevalperioden. Den som er pliktig til å ta imot val til kommunestyret kan veljast og er pliktig til å ta imot val som medlem og varamedlem til takstnemnd og klagenemnd. Medlemmer i formannskapet kan ikkje veljast, sjå elles vedtektene og Lov om eigedomsskatt til kommunane, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1975-06-06-29>

Nemdene har no slik samansetjing:

*Skattetakstnemnda:*

Medlemmer Inge Halland, H, leiar	Varamedlemmer Andrea Hartveit, SP
Siren Tyssebotn, FRP, nestleiar Frode Flesland, SP	Leif Tore Solberg, KRF Jon Daltveit, SP

*Klagenemnda:*

Medlemmer Sissel Romslo, AP, leiar	Varamedlemmer Nina B. Nyheim, AP
Birger Skår, H, nestleiar Vigleik Kalland, V	Anders Flesland, SP Trude Tomren, MDG
Eldbjørg Ryste Hølleland, KRF	Asta Mosevoll Solberg, KRF
Ragnar J. Tyssebotn, FRP	Vibeche Hanstvedt, FRP

**Vurdering**

Saka vert lagt fram for arbeidsutvalet for innstilling i valsaker til heradsstyret. Den nye skattetakstnemnda må veljast før utskriving av eigedomsskatt for 2020.

Folkehelse – ikkje vurdert

Miljø – ikkje vurdert

Økonomi – ikkje vurdert

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram til handsaming og avgjerd.



## **FORSLAG TIL EIGEDOMSSKATTEVEDTEKTER FRÅ KSE ALTERNATIV 1: SKATTETAKSTNEMND<sup>1</sup>**

### **KAP. I – SKATTETAKSTNEMNDER**

§ 1-1 Til å verdsetja faste eigedomar i kommunen etter eigedomsskattelova § 8 A-2 vel Osterøy heradsstyre éi eller fleire skattetakstnemnder, jf eigedomsskattelova § 8 A-3 (2).

Til å handsama klagar på utskrivinga av eigedomsskatten kan heradsstyret i medhald av eigedomsskattelova § 20 anten

- a) velja ei klagenemnd eller
- b) leggja klagehandsaminga til ei nemnd som finst frå før (til dømes eventuelt tidlegare oppnemnd overskattetakstnemnd)

Kvar skattetakstnemnd skal ha tre medlemmar (leiar, nestleiar og éin medlem). I tillegg skal det veljast tre varamedlemmar.

Klagenemnda skal ha minst tre medlemmar (leiar, nestleiar og éin medlem). I tillegg skal det veljast like mange varamedlemmar.

Heradsstyret vel leiar og nestleiar for kvar nemnd.

Heradsstyret avgjer kor mange takstnemnder det er behov for. Eigedomsskattekontoret tilviser kvar takstnemnd eit takstdistrikt.

Valperioden følgjer kommunevalperioden.

§ 1-2 Kven kan veljast, inhabilitet og møteplikt<sup>2</sup>

Dei som er pliktige til å ta imot val til kommunestyret, kan veljast og er pliktige til å ta imot val som medlem og varamedlem av takstnemndene og klagenemnda.

Ein medlem av formannskapet kan ikkje vera medlem i skattetakstnemnda eller klagenemnda, jf. eigedomsskattelova § 21.

Ein medlem er inhabil til å ta del i handsaminga av saka når medlemmen

---

<sup>1</sup> KSE har utarbeidd to sett med eigedomsskattevedtekter: Vedtektene i dette dokumentet skal nyttast når kommunen vel å nytta vanleg skattetakstnemnd. Større kommunar der det er mange eigedomar som skal takserast, bør vurderast å nytta ei såkalla sakkunnig takstnemnd, med tilhøyrande skattetakstvedtekter.

<sup>2</sup> I staden for § 1-2 kan kommunen velja å visa til forvaltningslova § 6.

- a) sjølv er eigar, panthavar eller leigetakar til eigedomen
- b) er i slekt eller i svogerskap med ein som er nemnd under a) i opp- eller nedstigande linje eller sidelinje så nær som sysken
- c) er eller har vore gift, partner eller trulova med, eller er fosterfar eller fostermor eller er fosterbarn til eigaren
- d) er verje for ein person som er nemnd under a)
- e) er styrar eller medlem av styret for eit selskap, ei foreining, ein sparebank, ei stifting eller ein offentleg institusjon som er eigar, panthavar eller leigetakar til eigedomen
- f) er medlem av formannskapet

Likeins er ein medlem inhabil når det ligg føre andre særeigne tilhøve som er eigna til å svekkja tilliten til om medlemmen er upartisk.

Nemnda avgjer sjølv om ein medlem er inhabil.

§ 1-3 Medlemmane av takstnemnda og klagenemnda pliktar å stilla til alle møte i dei respektive nemndene, med mindre dei har lovleg forfall.

§ 1-4 Sakkunnige for takstnemndene  
Når nemndene meiner det er nødvendig, kan dei be eigedomsskattekontoret om å tilkalla sakkunnige personar til å komma med rettleiande fråsegner på det bygningstekniske, industrielle, maskintekniske eller andre område.

Dei sakkunnige tek ikkje del i sjølve takseringa og har ikkje røysterett.

## **KAP. II – FØREBUING AV TAKSERINGA**

§ 2-1 Økonomikontoret fungerer som eigedomsskattekontor. Det er eigedomsskattekontoret sitt ansvar å sørgja for alt administrativt og kontormessig arbeid for takstnemndene og klagenemnda.

§ 2-2 Eigedomsskattekontoret lagar ei liste over eigedomar som takstnemnda (takstnemndene) får høve til å vurdere.

Det blir laga ei eiga liste over eigedomar som er fritekne etter eigedomsskattelova §§ 5 og 7. Eigedomar som er fritekne etter eigedomsskattelova § 5, skal ikkje takserast. Rådmannen avgjer om eigedomar som er fritekne etter § 7, skal takserast.

Det bør lagast ei eiga liste over verk og bruk.

§ 2-3 Eigedomsskattekontoret førebur takseringa ved å henta inn tilgjengeleg informasjon om den einskilde eigedomen.

Eigedomsskattekontoret kan be eigaren om å gje opplysningar som spelar inn på taksten (jf. eigedomsskattelova § 31).

### KAP. III – GJENNOMFØRING AV TAKSERINGA

§ 3-1 Leiaren av takstnemnda har, i samarbeid med eigedomsskattekontoret, ansvaret for å planleggja og leia arbeidet og fastsetja takstane. Eigedomsskattekontoret fastset takstmøta i samråd med nemndene.

§ 3-2 Før den alminnelege takseringa tek til, drøftar nemnda eller nemndene i fellesskap alminnelege retningslinjer for takseringa for å sikra at vurderinga blir så einsarta som mogleg. Har kommunen fleire takstnemnder, bør det gjennomførast prøvetaksering.

Takstnemnda/takstnemndene kan vedta sjablongar til bruk ved takseringa. Sjablongane skal gjera det enklare å komma fram til omsetjingsverdien på eigedomen og skal ta høgd for at det kan verka inn på verdien kva innretning, brukseigenskap og lokalisering eigedomen har.

Det skal først protokoll over forhandlingane i takstnemnda / mellom takstnemndene.

§ 3-3 Eigaren av eigedomen skal varslast om at eigedomen skal takserast. Varselet kan ein gje ved å be skattyteren om å gje eller stadfesta opplysningar om eigedomen innan 4 veker, sjå vedtektene § 2-3.

Eigedomsskattekontoret fastset ein normalfrist for varsel om taksering.

§ 3-4 Eigedomane skal i alle tilfelle synfarast av takstnemnda. Takstnemnda tek stilling til om eigedomen skal fotograferast (jf. eigedomsskattelova § 31 (5)). Verk og bruk bør alltid fotograferast i samband med takseringa.

Takstnemnda tek i samband med synfaringa stilling til om den einskilde eigedomen høyrer med i eigedomsskatteområdet (dersom dette er avgrensa til område som er heilt eller delvis utbygde på byvis) eller skal skattleggjast som verk og bruk, og kva tilhøyrande utstyr og ting som skal takast med i taksten, jf eigedomsskattelova § 4 tredje og fjerde punkt. Takstnemnda tek òg stilling til om det er grunnlag for fritak frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 5 (obligatoriske fritak).

§ 3-5 Grunn og bygning bør takserast kvar for seg dersom dei er eigde av ulike skattytarar.

§ 3-6 Takstnemnda skal grunngje taksten kort. Grunngjevinga kan ikkje vera kortare enn at det blir mogleg for skattyteren å forstå korleis nemnda har fastsett taksten. Grunngjevinga skal opplysa om prinsippa for verdsetjinga og kva for kriterium og grunnlag som er lagde til grunn for den einskilde eigedomen. Til grunngjevinga kan nemnda nytta eit skjema som viser kva for faktiske opplysningar om eigedomen som er lagde til grunn, og kva for sjablongverdiar som er brukte. For verk og bruk vil det ofte vere behov for ei grundigare grunngjeving.

### KAP. IV – NY TAKSERING OG SÆRSKILD TAKSERING

§ 4-1 I perioden mellom dei alminnelege takseringane kan einskildeigedomar takserast om /takserast særskilt etter dei retningslinjene og vilkåra som går fram av eigedomsskattelova § 8 A-3, femte og sjette ledd.

Fristen for å krevja ny taksering er 1. november i året før skatteåret.

Takstnemnda tek stilling til om vilkåra for ny/særskild taksering er oppfylte.

Verdsetjinga bør skje etter dei same prinsippa og det same prisnivået som ved den førre alminnelege takseringa.

Skattytaren skal orienterast om taksten ved melding om vedtak.

For klage gjeld kapittel V.

## **KAP. V – KLAGE**

§ 5-1 Skattytaren kan klaga over utskrivinga av eigedomsskatt (jf. eigedomsskattelova § 8 A-3 (3)).

Klagefristen er seks veker frå det seinaste tidspunktet for utsending av skattesetel og kunngjeringa av eigedomsskattelista.

Det kan setjast fram klage på taksten kvart år i samband med den årlege utskrivinga av eigedomsskatt, så sant det ikkje er klaga på det same grunnlaget tidlegare.

§ 5-2 Klagen kan handsamast jamvel om klagaren ikkje har halde klagefristen dersom

- a) parten eller fullmektigen hans ikkje kan lastast for å ha forsømt fristen eller for å ha drygd med å klaga etterpå, eller
- b) det av særlege grunnar er rimeleg at klagen blir prøvd.

§ 5-3 Klage på vedtak gjorde av eigedomsskattekontoret

Dersom klagen gjeld eit vedtak som er gjort av eigedomsskattekontoret i første instans (til dømes utrekning av skatten, tildeling av botnfrådrag, ...) kan eigedomsskattekontoret handsama saka og oppheva eller endra vedtaket dersom det finn at klagen er grunngeven.

Dersom eigedomsskattekontoret ikkje finn grunn til å gje klagaren medhald, skal saksdokumenta sendast over til klagenemnda utan opphald.

§ 5-4 Klage på vedtak gjorde av takstnemnda

Ved klage på vedtak gjorde av takstnemnda, sender eigedomsskattekontoret saksdokumenta over til underinstansen (takstnemnda).

Takstnemnda kan endra vedtaket i favør av klagaren dersom ho finn at klagen er grunngeven. I motsett tilfelle skal saksdokumenta sendast over til klagenemnda.

#### § 5-5 Handsaming i klagenemnda

Ved klage på taksten skal klagenemnda synfara eigedomen.

#### § 5-6 Klagenemnda lagar ein protokoll med ei kort grunngjeving av overtaksten. Protokollen skal opplysa om kva for faktum og rettsbruk vedtaket byggjer på, og kva for verdsetjingsprinsipp som er brukte ved klage på taksten. Grunngjevinga må ta stilling til klagaren sine påstandar.

#### § 5-7 Omgjering i disfavour av skattytaren

Klagenemnda kan prøva alle sider av saka og kan gjera om vedtaket i disfavour av skattytaren, jf eigedomsskattelova § 17.

Retten til å retta utskrivninga i disfavour av skattytaren fell bort dersom han ikkje er nytta innan 1. mars året etter utskrivninga. Har feilen samanheng med at eigaren har brote opplysningsplikta eller plikta til å medverka til synfaring, kan utskrivninga rettast innan tre år frå utgangen av skatteåret.

Taksten kan likevel rettast i disfavour av skattytaren med verknad framover i tid.

#### § 5-8 Klagen har ikkje utsetjande verknad.

### **KAP. VI – ULIKE FØRESEGNER**

#### § 6-1 Kommunestyret/formannskapet fastset godtgjersla til takstmennene. Eigedomsskattekontoret fastset godtgjersla til sakkunnige som er nemnde i § 1-4 vedtektene.

Eigedomsskattekontoret sørgjer for at godtgjersla blir betalt ut.

#### § 6-2 Første gongen eigedomsskatten blir skriven ut, må alminneleg taksering og utskrivning av skatten vera avslutta innan utgangen av juni i skatteåret. Året etter skal eigedomsskatten vera utskriven og skattelista offentleggjort innan 1. mars i skattåret. Første året botnfrådag blir innført, er fristen innan 1. april.

#### § 6-3 Eigedomsskattekontoret fører eigedomsskatteliste med slikt innhald som er nemnt i eigedomsskattelova § 15. Lista skal liggja ute til offentleg gjennomsyn i minst tre veker etter at det er kunngjort at lista er lagt ut. Det blir kunngjort i lokalpressa når og kvar lista blir lagt ut. Kunngjeringa skal opplysa om fristen for å krevja overtakst (6 veker) og kven kravet skal sendast til.

Kvart år, samtidig med at eigedomsskattelista blir lagt ut, blir det sendt skattesetel til skattytaren.

#### § 6-4 Eigedomsskatten skal betalast etter dei terminane (minimum to) som kommunestyret fastset.